

# Gris

## Skogsdyret som vart stovegris



### SELSKAPSDYR

Tamgrisen stammar frå villsvinet. Dei første tamgrisane var selskapsdyr. I Sør Europa brukte kvinnene grisane til å lukte opp trøflar og anna mat i jorda. Jegerane nytta også grisen til jaktsporing.

Seinare vart grisen brukt til pløying. Dei endevender jordsmonnet med trynet sitt når dei leitar etter røter, sopp, mark og anna mat. Dette gjer også grisane på museet – sjå kor dei herjar!

Grisen kan bli 15-20 år gamal. Den er reinsleg, har lett for å læra og er glad i kroppskontakt. I seinare tid har grisen på nytt vorte populær som selskapsdyr.



### MATPRODUSENT

Dagens gris er ein raskveksande blandingsrase som er avla fram etter våre matvarekrav.

Før var grisane feitare og hadde kortare kropp. Denne grisetypen er no prøvd rekonstruert. Museumsgrisane er av ein slik type.



*Gris frå Årdal på 1950-talet.*

### LES MEIR OM GRISEN I POSTKASSEN:

Lær deg grisespråket  
Grisehistorie  
Griseliv

Grisedrift før og no  
Grisevitsar  
Grisebilde

Grisevise  
Griseeventyr